

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Følgjande vart delt ut i møtet:

- Brev av 04.09.2017 frå Statens vegvesen om «Bestilling av MOTIV-tall for ferjeavløsningsprosjekt – Masfjordbrua i Hordaland»
- Brev av 07.09.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om «Overslag på ferjeavløysingsmidlar i samband med førehandsavklaring»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2 vert stroke.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

«MDG meiner at denne strekka er godt eigna som forsøksstrekke for elektrifisering. Dette er alt vedtatt og ein bør prioritere dette framom bru.»

Synnøve Solbakken (A) sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet føreset at Masfjorden kommune finansierer KS2 for prosjektet Masfjordsambandet.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstillinga punkt 2 fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Solbakken sitt forslag punkt 2 fekk 14 røyster (A, Sp, SV, V, Frp, H, KrF) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Med grunnlag i oppdatert anslag på ferjeavløysingsmidlar, kommunalt tilskott og bompengefinansiering vil fylkestinget i desember 2017 ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet føreset at prosjektet vert kvalitetssikra, søknadskrava er tilfredsstilt og medfører låg økonomisk risiko for fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet føreset at Masfjorden kommune finansierer KS2 for prosjektet Masfjordsambandet.
3. Fylkesutvalet viser til pågående planarbeid for Fjelbergsambandet som ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget i desember 2017 vil ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til dette prosjektet innanfor dagens ordning. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å gå i dialog med Vindafjord kommune og Rogaland fylkeskommune om eventuell nedlegging av ferjesambandet til Utbjøa.
4. Fylkesutvalet konstaterer, med grunnlag i planstatus og søknadskrav i brev frå Kommunal-departementet frå 13.06.2017 «Søknadsprosess og krav til søknad om ferjeavløysingsmidlar», at det er uaktuelt i 2017 å søka om ferjeavløysingsmidlar til fastsambanda Huglo - Tysnes og Lerøy - Bjelkarøy - Ytrebygda.

Protokollmerknad frå MDG

MDG meiner at denne strekka er godt eigna som forsøksstrekke for elektrifisering. Dette er alt vedtatt og ein bør prioritere dette framom bru.